

---

**Fra:** Ingrid Didriksen  
**Sendt:** fredag 1. juni 2018 14.10  
**Til:** Rut Alise Kongevold  
**Emne:** SV: Nabovarsel Kyrhovden, sikring mot myrhol

Hei,

Takk for informasjon. Vi må sjølvsagt sikre område og gjere det trygt.

Når det gjeld tilstanden etter trehogsten vil dette verte rydda i samband med grunnarbeida. Det skal lagast ein veg der hjulspora er i dag. Denne vegen ska leggjast på duk. I samband med dette arbeidet er det også mogleg at situasjonen med myrholet vert bedra.

Dersom det er noko meir du lurar på eller har meir informasjon må du gjerne ta kontakt på 56 34 90 51.

Med vennleg helsing,  
Ingrid Didriksen  
Prosjektleder

E-post: [ingrid.didriksen@radoy.kommune.no](mailto:ingrid.didriksen@radoy.kommune.no)  
Telefon: 56 34 90 51



---

**Fra:** Rut Alise Kongevold  
**Sendt:** fredag 25. mai 2018 14.39  
**Til:** Ingrid Didriksen  
**Emne:** Nabovarsel Kyrhovden, sikring mot myrhol

Hei Ingrid!

Eg har fått nabovarsel om utbygging av skulebygg i Maridalen mellom Manger skule og Kyrhovden 2-14. Eg har bare eit par innvendingar, og det gjeld sikring av myrholet som er inntekna i kartet eg sender til deg med denne e-posten, og opprydding etter skoghogst. For mange år sidan vart nokre born sitjande fast til livet i myrholet (merka rund med kryss), så me måtte stje opp eit gjerde på tvers av Maridalen. Gjerdet er no nesten vekke, men myrholet er fortsatt ein stad eg ser som farleg å ferdast i. Den merka linja på kartet visar og kor det er veldig lett å setje seg fast når det regnar. Eg ber derfor om at utbyggaren ser ei løysing med å sikre dette området, helst med eit gjerde i bakkant av det nye skulebygget, og langs med bråtet mot "skuleskogen".

Etter trehogsten, med store maskiner, såg eg og at dei djupe spora etter maskinane vart fylt opp med vatn. Eg reknar med at utbyggaren ordner /rydder opp. Helst burde ein ha gravd og drenert området.

Du må gjerne ta kontakt om noko av dette var uklart. Eg er å treffe på mobilnr 99581470

Mvh Rut A Kongevold, Kyrhovden 8